

## Rysjedalsvika og snøggruta.

Eg har først no fått høve til å lese takka og lovprisinga frå Hyllestad samferdselsnemnd til Samferdselsdepartementet for to nye snøggrutestopp på Rysjedalsvika som var inntekte i Firda 1. mars. Det er også retta ein spesiell takk til stortingsmann Svarstad for effektivt arbeid med denne saka, og til fylkestrafikk-sjef Peersen for objektiv vurdering og god tilrettelegging av ankesaka. Samferdselsnemnda vonar neste steget må bli dagleg bilførande snøggruter på Rysjedalsvika. Det går elles fram av takkehelsinga kor stor velsigning det ville bli, ikkje berre for Hyllestad og Fjaler, men også for Gaular og Førde. Det var søte og pene ord alt saman og fin propaganda, om kor livsviktig trafikken over Rysjedalsvika var for desse bygdene.

Dette og mykje meir av det som var framhalde i takkehelsinga må karakteriserast som 'ev. Nei, noko livsviktig kan det ikkje bli tale om for andre enn formannen i Hyllestad samferdselsnemnd.

Det er eit faktum at skal snøggrutene ta opp Rysjedalsvika må det bli på kostnad av Lavik. Det vil føre med seg ei forlenga reisetid for dei som skal til Gaular, Førde og vidare nordover til Nordfjord. Reisetida vil og bli forlenga for dei som skal vidare innover Sogn.

Eg skal med tal prova dette: Frå Rysjedalsvika til Førde over Dale er det 94 km. Frå Lavik til Førde over Vadheim er det 68 km. Skilnad 26 km. kortare. Dertil kjem at vegen over Vadheim er mykje betre enn over Dale. Ein må spørje kva interesse kan ein ha av å ta den lengste og dårlegaste vegen?

Sjolv om snøggruta gjekk både i Rysjedalsvika og i Lavik i same rute, ville reisande kome tidlegare fram til Førde ved å gå i land i Lavik. Gjekk båten beinveges til Lavik ville reisetida bli endå kortare. Veglengda mellom Bygstad—Lavik er og ein del kortare enn til Rysjedalsvika.

Ser ein på veglengda Dale—Rysjedalsvika og Dale—Lavik så er det berre 3 km. lenger til Lavik. Det har vore laga mykje propaganda om kor urimeleg det var å måtte ta den lange avkroken til Lavik. Interessene for Rysjedalsvika i Dale-området vil minke litt etter kvart når vegsambandet Sørebovåg—Dale er butte saman om ikkje så lenge. Sørebovåg har godt båtsamband til og frå Bergen, så turen om Rysjedalsvika har folket i det området ikkje serleg bruk for.

Så har ein Guddal som får snauaste vegen til Vadheim når vegen er ferdig dit.

Leirvik-området, som det er skrive så mykje om i desse dagar, miste alle båtutene på grunn av Rysjedalsvika. Det er rart at Hyllestad samferdselsnemnd ikkje tok med i same takkehelsinga det store verd og framsteg dette var for distriktet. Om tanken til stortingsmann Svarstad er å seie at han burde ha halde handa si for god med ei hjelp til ei slik sak som skader kommunikasjonane i Sogn og Fjordane fylke. Når det gjeld fylkestrafikk-sjef Peersen, ser det

ut som hans største oppgåve er å skifte ut snøggrutene frå Lavik til Rysjedalsvika. Han må tru at han skjøtta godt den høge stillinga han sit med då.

Nei, kaien i Rysjedalsvika har vore ei plage for Fylkesbaatane heilt frå første dag han var ferdig, og er det framleis. Det er merkeleg at departementet finn det turvande å rette på ruteopplegget til Fylkesbaatane. Det var betre at direksjonen fekk arleide i fred. Dei har betre vilkår til å avgjere kva som tenar distriktet og Fylkesbaatane best.

Tomas Kvammen.



Vi lar ovenstående foto frå Rysjedalsvika 2. påskedag stå som illustrasjon til innlegget »Rysjedalsvika og snøggruta«. Det gjekk denne dagen ekstrabåtar til Bergen både frå Vadheim, Lavik og Rysjedalsvika, og ein må gå ut frå at publikum hadde fritt val. Artikkelforfattaren har gloynt å ta med at rutebåten frå Bergen brukar 40 min. lengre til Lavik enn til Rysjedalsvika, og tilsvarande den andre vegen. På 40 min. køyrer ein bil 3 mil når gjennomsnittsfarten er 45 km/t. For Bygstad gjev det i alle fall klar fordel til Rysjedalsvika.

## Johan J. Berge attvald til formann i Nordfjord Meieri.

På årsmøtet i Nordfjord Meieri vart Johan J. Berge attvald til formann med 270 røyster, Anders Kirkeide fekk 8 røyster, Einar Strand 3 røyster og Alv O. Bergset ei røyst.

Jens Bø hadde sagt frå seg attval som styremedlem, og i hans stad vart vald Anders Kirkeide.

I rådet hadde Anders H. Berge og Arne Myklebust sagt frå seg attval, og som nye vart valde Anders Erdal og Rasmus Høgalmen d. y. Rådsmedlemene Lars Sunde, Peder J. Teigen og Anders Stokke vart attvalde.

## RADIO- og TV-PROGRAM

Onsdag 23. april.

- 16.50 Musikk for tre klarinetter.
- 17.10 Nye jazzplater.
- 17.45 Tyskundervisning.
- 19.00 Benny Goodmans kvartett.
- 19.15 Spørreleken — for femteklassinger.
- 20.00 Symfonikonserten.
- 21.00 Hvorfor skal moral alltid være seksualmoral?
- 21.15 Dansemusikk fra 1920-årene.
- 21.30 Storting og styringsverk.
- 22.20. Fra kveldens årsmøte. Glimt fra norsk forskning i 1968.
- 23.00 Vårkveld i Stavanger.

### FJERNSYNET

- 11.40 Tekstil forming (3).
- 18.00 Lekestue for de minste.
- 19.30 Vi spiller gitar — men hvordan?
- 20.30 «Tillsammans».
- 21.15 Ventilen. —
- 21.45 Kan vi snakke med barna?

### Torsdag 24. april.

- 8.15 Andakt v/Sokneprest Ole Eikeland. Salmenummer: Nynorsk: 462 v. 1-2 og 3. Landstad: 586 v. 1-2 og 3.
- 10.05 Nå strekker vi oss —
- 10.10 Medisinsk forskning — skal ho vera tenar for den praktiske legegjerninga — eller eit mål i seg sjolv?
- 10.40 Let's Start.
- 11.00 Populære fiolinstykker.
- 12.20 Rundreise med Wiener Sangerknaben.
- 13.05 Obokonsert og sonate.
- 13.30 Kristne kirkesamfunn. Kvekerne.
- 15.30 Etter skoletid.
- 16.00 Oppfordring til dans.
- 16.10 Kom i min värld.
- 16.20 George Shearing spiller klaver med orkester.
- 16.30 Barnekammermusikk.
- 16.40 Klosteret som gjekk til streik. Religion og samtid i Japan.
- 17.10 Brennpunkt.
- 17.20 Få folk for trivsel, trening.